



Om autorisasjonsordninga for plantevernmiddel / gnagarmiddel - 2022

Kriteria for autorisasjon er regulert i Forskrift for plantevernmiddel (2015) med rundskriv og rettleiarar, som er forvalta av Mattilsynet.

Kven kan få autorisasjon : Plantevernmiddel

Generelt har du rett på autorisasjon for plantevernmiddel dersom du eig, leiger eller er tilsett på ein gard, eller tilsett i ei bedrift som sel eller handterer plantevernmiddel. Du kan òg ha rett til autorisasjon dersom du forskar, rettleier eller underviser i fag der du handterer plantevernmiddel. Denne lista er ikkje utfyllande: Du må med andre ord ha yrkesmessig behov for å kjøpe og bruke plantevernmiddel. I tillegg må du ta kurs i autorisasjon for handtering og bruk av plantevernmiddel, bestå eksamen, og vere over 18 år.

Fornyng av autorisasjonsbevis for plantevernmiddel.

Innan det har gått 10 år må du fornye autorisasjonsbeviset for at det skal vere gyldig. Det kan du gjere ved å ta fornyingskurs i plantevern (1 dag) med etterfølgande eksamen. Dersom det er nokre år sidan autorisasjonsbeviset gjekk ut, treng du framleis berre fornyingskurset (1 dag). Vi vil likevel understreke at du kan få stort utbytte av å ta grunnkurset (1+2 dagar) opp att, for å bli oppdatert på endringar innan bruk av plantevernmiddel.

Fornyingskurs med eksamen kan du også ta [på nett](#), med betaling direkte til Mattilsynet. På [nettsida](#) til Mattilsynet finn ein utfyllande informasjon om både autorisasjonsordninga for plantevern og gnagarar, samt kursmateriale dersom ein treng det.

Kven kan få autorisasjon : Gnagarmiddel - tilleggsautorisasjon

For å få autorisasjon for gnagarmiddel må du ha gyldig autorisasjonsbevis for plantevernmiddel. Du kan ta autorisasjonskurs i den rekkjefølgja du ønsker, men du vil ikkje få autorisasjonsbevis for gnagarmiddel før du har gyldig autorisasjon for plantevernmiddel.

Det er strengare krav for å få autorisasjon for gnagarmiddel enn plantevernmiddel. Ein kan berre få tilleggsbevis for gnagarmiddel dersom ein formelt eig eller leiger ein landbrukseiendom. Omgrepet «eier/leier en landbrukseiendom» blir tolka til òg å gjelde ektefellen til den som eig / leiger garden dersom det er særlege på garden, men der det i praksis er ektefellen som driv den. Kårkall, tilsette, born eller sambuarar kan ikkje få autorisasjonsbevis for gnagarar. Kan ein ikkje oppfylle dette kriteriet, må ein kjøpe tenesta frå eit skadedyrfirma.

Kurshaldar og høve til munnleg eksamen

Den lokale rådgjevingstenesta held som regel autorisasjonskursa for plantevern og gnagarar i Vestland fylke: Sjå kurskalender for lokale einingar på www.vest.nlr.no. Dei vidaregåande skulane (naturbruk) held også kurs for sine elevar. Du kan få munnleg eksamensform og søkje om inntil ein halv time ekstra tid, dersom du kan dokumentere lese- eller skrivevanskar. Melding om dette bør kome ei veke på førehand, slik at eksamensvakta kan setje av tid til dette.

Autorisasjonsbeviset

Autorisasjonsbeviset blir sendt ut når landbrukskontoret i kommunen din har stadfesta din rett til å handtere plantevernmiddel. Kommunen (eventuelt landbruksavdelinga hos Statsforvaltaren) kan skrive ut midlertidig bevis dersom du treng det.

Saksgangen i godkjenning av autorisasjonsbeviset ditt:

1. Du tar eksamen heime på [nett gjennom Mattilsynet](#) og får svar med ein gong om du har bestått. Du må kontakte landbrukskontoret i kommunen der du er folkeregistrert og gi dei melding om at du har bestått eksamen. Då kan dei vurdere om du har rett eller ikkje rett til autorisasjon. Ved rett til autorisasjon, registrerer kommunen dette i Mattilsynet sin database, og du får automatisk tilsendt autorisasjonsbeviset i posten etter 3-5 veker.

2. Du tar eksamen på eit autorisasjonskurs i regi av den lokale rådgjevingstenesta (fysisk oppmøte eller digitalt). Du tar anten eksamen for fyrste gong etter kursdag 2, eller fornyingseksamen etter kursdag 1. Eksamenspapira frå fysisk eksamen, blir sendt rekommandert til Statsforvaltaren sitt landbrukskontor for retting. Dette tar 2-3 veker frå eksamensdato grunna postgang, rettingstid og registreringsarbeid. Du får svar på e-post om du har bestått.

Dersom du stryk på eksamen, får du melding på e-post eller i post med tilbod om å ta eksamen opp igjen mot eit gebyr. Du kan ikkje ta eksamen opp igjen digitalt. I 2022 er denne summen kr 210,- for autorisasjon plantevernmiddel og 230,- for autorisasjon gnagarmiddel. Du blir fakturert til folkeregistrert adresse. Du må sjølv ta kontakt med ditt lokale landbrukskontor for å avtale ny eksamenstid, og gjennomfører då eksamen på ditt lokale landbrukskontor.

Dersom du består eksamen, registrerer Statsforvaltaren at du har bestått eksamen i Mattilsynet sitt register. Statsforvaltaren sender deretter e-post med melding om at du har bestått til den kommunen du er folkeregistrert i. Dersom du er folkeregistrert i annan kommune enn der du har ditt yrkesmessige behov, må du melde frå til eksamensvakta/gjeldande kommune. Skriv på eksamenssvaret ditt kva for ein gard (org. nr) eller arbeidsstad (namn, kontaktperson) du tilhører, slik at dei kan stadfeste ditt yrkesmessige behov. Det same gjeld for deg som er tilsett i eit firma, der kommunen treng dokumentasjon på dette/kontaktinformasjon til din næraste leiar (send e-post til kommunen).

3. Kommunen sitt landbrukskontor undersøker og eventuelt stadfestar din rett til autorisasjonsbevis. Det er lik prosedyre for autorisasjon plantevernmiddel og gnagarmiddel.

4. Når kommunen har registrert godkjenning hjå Mattilsynet, går det melding til trykkeriet om at dei skal trykke beviset og sende det til deg i posten. Trykkeriet samlar opp bestillingane, og det kan derfor ta 3-5 veker før du får beviset.

Med andre ord tek det om lag 5-8 veker frå du består eksamen til du får autorisasjonsbeviset ditt i posten. Dersom du treng autorisasjonsbevis før dette, kan kommunen eller Statsforvaltaren skrive ut eit **midlertidig bevis** til deg. Du kan ta kontakt på telefon eller e-post for å få dette. Det midlertidige beviset må nyttast i lag med gyldig legitimasjon, og er gyldig til du får autorisasjonsbeviset frå Mattilsynet.

Lukke til!

Beste helsing

Statsforvaltaren i Vestland, landbruksavdelinga

Daniel Almhjell, daalm@statsforvalteren.no

Synnøve Vonen Kvaal, syvkv@statsforvalteren.no